



## Referat HARDANGER KULTURRÅD tysdag 1.6.2026, Utne

Tilstades:

Ullensvang kommune: Else Marie Sandal - leiar  
Kvam herad: Mary Ann Sørheim  
Ulvik herad: Anne Marit Lekve  
Hardangerrådet iks: Ann Irene Myrheim og Trude L. Rinaldo  
Ikkje møtt:  
Eidfjord kommune: Bergljot Maria Veivåg

Møtet var på Hardanger Folkemuseum, der me fekk orientering om og oppleve den fantastiske utstillinga "Dekor på tre". Me fekk også observera elevar frå Kvam ungdomsskule som tok del i undervisningsopplegget i rosemalingsteknikk og svidekor.

Veldig kjekt å sjå i praksis eit tiltak som Hardanger Kulturråd støtta i 2025.

Tusen takk til Hardanger Folkemuseum for møterom, nydelig lunsj og flott oppleving.

### Sakliste:

#### 1. Regionalt kulturfond Hardanger (RKH) 2026. Tildeling utlyste midlar

Det var kun 3 innkomne søknader, rådet beslutta å lysa ut ein gong til i 2026.

##### Vedtak:

		Søknadssum	Tilsagn 2026
	<b>Utlyste midlar</b>	172 200	<b>172 200</b>
1	Fossestiftinga	50 000	40 000
2	Messen kunstpark	35 000	20 000
3	Hardanger Big Band	30 000	20 000
	<b>SUM tildelt 1.6.2026</b>		<b>80 000</b>
	Restmidlar RKH til utlysing haust 2026		92 200

#### 2. Gjennomgang vedtektene Regionalt kulturfond Hardanger

##### Vedtak:

Oppdatert retningslinjer vedteke og gjeldande frå møtet 1.6.2026.

Det vert ny utlysing av restmidlar RKH 2026 til hausten.

#### 3. Kva skjer i kultursektoren i Hardangerkommunane

##### Ulvik:

Kinoen vart formelt lagt ned i Ulvik.

Pågåande Katarina Kølle prosjekt, stor suksess. I mai vart det arrangert eit stort, vellukka og utseld "[Kølleseminar](#)". (Her ligg programmet som var, og som viser litt av innhaldet i prosjektet).



# Hardangerrådet iks



Hardanger

Ulvik har også fått deler av Katarine Kølle samling tilbake og ønskjer å få til ei permanent utstilling. Dette og mykje meir.

## **Kvam:**

Heile heradet arbeider med budsjettreduksjonar, det må også kultursektoren. Men heradet har fått ny kino på nye Kvam vgs, eit delt partnarsskap mellom VLFK og heradet. Samfunnsplan skal rullerast no. Kulturminneplanen gjeld til 2027, så må igang snart.

## **Ullensvang:**

Ombygging og universell utforming av Odda rådhus og kino pågår. Det er både omfattande og krevande, og har vart lenge, men nærmar seg slutten.

Lindehuset byrjar på arbeidet med oppgradering.

[“Alt dette er ditt”](#) - ei nettside til innbyggjarar (og andre) for å visa det kulturelle mangfaldet i Ullensvang kommune.

Arbeider med kulturminneplan, snart ferdig. Kulturminneplanen handlar mykje om organisering av innhald, og byggjer på dei 3 tidlegare kommunane sine planar.

Gjestebod har vore eit prosjekt der lokale organisasjonar har inviterte til gjestebod og kommunen delteke og spanderte kaffi.

## **Hardangerrådet:**

Regionale kultur/reiselivs prosjekt med litteratur og forfattarar i sentrum kan koma.

Besøksbidrag i Hardanger vil f.eks også kunne verta brukt til utvikling av lokale reiselivsprodukt.

Kraftturismeprojektet har invitert alle kommunane i Hardanger til å ta del, stort potensiale.

Beredskapsåret handlar også om lokal matkultur.

Eit nytt prosjekt til inspirasjon og kunnskapsløft er: “Sans for smak i Hardanger og Voss”

Arbeider for at Turistbåtruta i 2026 skal få ein “popup”guide på ruta som fortel om Hardanger og gjerne også selga lokalmat.

## **4. Ymse**

- **Markedsføringsplan for utlysing regionale kulturmidlar**

### **Vedtak:**

Hardanger kulturråd med sine kommunar skal nytta kanalane dei har for annonsering av Regionalt kulturfond Hardanger med minimum tre påminningar.

Fondet skal lysast ut årleg med 1.4. kvart år som søknadsfrist.

- **Dato ekstra utlysing 2026**

### **Vedtak:**

Restmidlar Regionalt kulturfond Hardanger 2026 skal lysast ut i ny utlysing med søknadsfrist 1.10.2026.

Utne 1.6.2026

Else Marie Sandal  
Hardanger Kulturråd